

Auto 88 med vaskehall**13.07.2006**

Tidleg på haustparten startar Auto 88 bygging av ein vaskehall eller eit såkalla sjølvvaskeanlegg, fortel ein av verkstadeigarane, Christian Stensletten, til Kvinnheringen. Anlegget skal vera ferdig før vinteren og vil kosta kring ein halv million kroner.

Anlegget blir reist der det er utandørs vaskeplass i dag og vil gje eit betre tilbod til kundane, ikkje minst om vinteren. Det blir framleis spyleanlegg, men det kan bli fleire pistolar.. I tillegg kjem støvsugar for innvendes reingjering av bilane.